

Norsk Ordbok 2014

ÅRSRAPPORT 2006

Oslo 19. januar 2007

Innhald

Innleiing	3
A. Rammevilkår	5
1. Organisering og finansiering	5
2. Lokalisering.....	5
3. Personale	6
B. Manusproduksjon	6
4. Band 6	6
5. Band 1, 2 og 7	7
C. Utvikling av verktøy	7
6. Redigeringsprogram og database	7
7. Elektronisk utgåve av ordboka (e-NO)	8
8. Redigeringshandboka	8
D. Utviding og forbetring av tilfang	9
9. Nynorsk tekstkorpus.....	9
10. Metaordboka.....	9
11. Blyanttilskrifter	10
12. Nytt tilfang	10
E. Formidling, informasjon og kompetanseheving	11
13. Formidling og informasjon.....	11
14. Kompetanseheving	12

Vedlegg

Vedlegg 2. Publikasjonar og føredrag i 2006

Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

Innleiing

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapporten for 2006. Det har vore eit spesielt utfordrande år, for prosjektdirektøren vart alvorleg sjuk i februar, og ho har vore sjukemeld det meste av året. Dermed har dei redaksjonelle medarbeidarane for ein del også vore belasta med administrasjon. Likevel har vi greidd å nå hovudmålet, for band 6 vart sendt over til forlaget den 11. desember. Den ekstraordinære situasjonen har likevel gjort at andre tiltak enn manusproduksjon har vorte prioriterte ned.

Manusproduksjon

Redaksjonen har nyredigert 381 sider til band 6 i løpet av året. I tillegg har ein redigert 146 sider av band 7. Det gjev i sum 525 sider i inneverande år. 634 sider har vorte flytta gjennom alle stega i kvalitetssikringsprosessen, og 802 sider har vorte korrekturlesne to gonger. Det ser ut som dei redaksjonelle rutinane etter kvart fungerer svært godt, og redaktørstaben har nådd eit tilstrekkeleg kompetansenivå for å halde oppe både eit kvalitativt og kvantitativt høgt nivå. Vi arbeider likevel med knappe marginar og er sårbare for sjukdom og uføresette fråfall.

Folk og opplæring

2006 har som 2005 også vore eit viktig opplæringsår. Fire nyttilsette har fått intensiv opplæring dette året, og til saman seks assistentar har fått opprykk til redaktør etter fullført opplæring i 2006. Ved utgangen av 2006 har vi no seks redaksjonsgrupper og til saman 26 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Ikkje alle desse har fungert i full stilling i 2006, sjå vedlegg 1. Vi lyste ut to stillingar hausten 2006, men sjølv om vi fekk den løyvinga vi hadde søkt om, rakk ikkje dette til nye tilsetjingar i 2007. Hovudgrunnen er at årsverka har vorte dyrare enn føresettt i opptrappingsplanen.

Utvikling av verktøy og utviding av materialet

2006 har vore det første året der vi kan seie at vi har hatt ei fullt utbygd digital redigeringsplattform til rådvelde. På fleire viktige punkt er det digitaliserte materialgrunnlaget utvida, t.d. er korpuset utvida med ca. 1,5 mill. ord, setelarkivet er bygd ut med 18 000 ord, vi har administrert digitaliseringa av 600 målførekart og sytt for at to lokale kortarkiv er digitaliserte og normaliserte. Det er utvikla ein tidssparande autogenereringsfunksjon for heimfestingar. Det er også laga ein ny faksimilekomponent for registrering av biletskanna materiale, og ikkje minst er det no på plass ein modul som koplar lokale ordsamlingar til metaordboka. Vi er komne langt i å få lagt inn band 1 og 2 i databasen, men det står framleis att ein del arbeid før desse to banda er fullstendig harmoniserte med det nye databaseformatet, og vi har enno ikkje byrja med innpassinga av band 3, 4 og første delen av band 5. Denne innlegginga er ein føresetnad for å lage ein elektronisk versjon av ordboka, som vi difor ikkje er ferdige med.

Administrasjonen

I prosjektdirektør Kristin Bakken sitt fråvær har redaktør Dagfinn Worren fungert som vikar og hatt fullføringa av band 6 som sitt primære ansvar. I tillegg har han hatt personal- og økonomiansvar, det siste i samarbeid med førstekonsulent Rebecca Boxler Ødegaard. Rebecca Ødegaard overtok i tillegg dei praktiske kontoradministrative oppgåvene til direktøren, medan konsulent Andreas Tandberg i vikarstilling har teke over mange av dei administrative støttefunksjonane som Rebecca Boxler Ødegaard til vanleg har hatt. Dagfinn

Worren har ikkje sjølv kunna fungere som redaktør og gruppeleiar i denne perioden, og difor har gruppestrukturen mellombels vorte justert for å få kvalitetssikra manuskripta frå Worren si gruppe. Kristin Bakken tok tilbake hovudfunksjonane sine 1. november.

Styret

I 2006 har desse vore medlemmer av styret for Norsk Ordbok 2014: styreleiar Magnus Rindal, varaleiar Eli Fiskvik, Yngve Sjøgreen Foss, Sigve Gramstad, Randi Alice Nilsen, Oddrun Rangsæter og Lars S. Vikør. Fire møte har vorte haldne, og 29 saksnummer er handsama.

Formidling

Ordboksredaksjonen har vore representert på tre fagkonferansar med føredrag i året som gjekk (Honningsvåg i juni, Århus i august, Torino i september). Vi har også laga ny innsamlingsbrosjyre for informantar. I tillegg har vi drive formidling på ulike måtar i andre fora. (Sjå vedlegg 2 og 3.)

Takk

Vi vil takke Stortinget, Kultur- og kyrkjedepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gjeve Norsk Ordbok 2014 gode og føreseielege arbeidsvilkår også i 2006.

Kristin Bakken
19. januar 2007

A. Rammevilkår

1. Organisering og finansiering

Mål 2006	Resultat
a) Å halde oppe strukturen med fleire redaksjonsgrupper og éi leiargruppe. Leiarane i redaksjonsgruppene bør vere representerte i leiargruppa.	Strukturen med fleire redaksjonsgrupper og éi leiargruppe er halden oppe. Noko justering vart gjord i samband med at DW gjekk ut or redigeringsarbeidet for å fungere som administrativ leiar. OA har fungert som gruppeleiar for TS, HG har fungert som gruppeleiar for OV, og KS har lese manuskript for HG og KEK. I tillegg har EE, LK og DW hjelpt gruppeleiarane med å lese manuskript.
b) Vi vil framleis organisere ein manuskriptkontroll ved hjelp av ei eiga kryssjekkgruppe. Utviklings- og testingsverksemd vil bli utført av ad hoc-grupper.	Kryssjekkgruppa (AE, HG, TS, GAa) har sidan januar levert rapportar to gonger i månaden ved AE.
c) Vi vil vere med på å arbeide for at samlingverksemda blir konsolidert innanfor rammene av det nye instituttet (ILN). Samtidig er det framleis viktig for oss å halde fast på ein mest mogleg sjølvstendig status andsynes instituttet.	I komiteen som skulle greie ut samlingane sin organisasjon innanfor ILN, gjekk Lars S. Vikør inn for Kristin Bakken i mars. Gruppa leverte ei innstilling i juni, og prosjektet leverte høyringsfråsegn til denne innstillinga i august. I styremøte den 18. desember vedtok instituttstyret ved ILN at samlingane heretter skal sjåast under eitt som éi eining, og at det skal oppnemnast ein fagleg koordinator for dei.
d) Vi vil søkje midlar frå statsbudsjettet til naudsynt opptrapping av tilskotet i tråd med den reviderte opptrappingsplanen frå 2004.	Budsjettsøknaden 2007 vart levert 1. mars med ei ramme på 11,875 mill.

2. Lokalisering

Mål	Resultat
a) Lokala vi har er høvelege, men vi må ta initiativ for å få disponere ekstra kontorareal for nytilsette i 2006. Vi vil også freiste å få disponere eit lite møterom til gruppemøte.	Vi har fått lovnad på nye kontor i 3. etasje i Gaustadalleen 25. I første omgang overtek vi to doble og to enkle kontor. Vi kjem til å omdisponere eitt kontor til møterom.

3. Personale

Mål	Resultat
a) Å gjennomføre opplæring for dei fire nyaste redaksjonsassistentane (tilsette i november 2005 og januar 2006).	Dei fire assistentane har fått fellesundervisning i 13 dobbeltimar med Redaksjonshandboka som viktigaste bakgrunnsstoff. Hovudlærer: OG, elles medverknad av LK (2 g.) og LSV (1g.). Anna opplæring er gjeven av gruppeleiarane. Dei som vart tilsette i november, fekk opprykk til redaktør frå 1. november 2006.
b) Å fremje søknad om opprykk til redaktør for seks redaksjonsassistentar hausten 2006.	I alt seks assistentar har fått innvilga opprykk til redaktør i 2006.
c) Å lyse ut éi eller to stillingar som redaksjonsassistent i august med atterhald om finansiering over statsbudsjettet.	Stillingane var lyste ut med søknadsfrist 30. september. Det kom inn 23 søknader. 9 søkjarar vart kalla inn til intervju i veke 42. Intervjugruppa leverte vurdering til styret 30. oktober. Styret innstilte i samsvar med konklusjonen frå intervjugruppa. Innstillinga vart likevel ikkje lagt fram for tilsetjingsutvalet fordi løyvinga frå Stortinget ikkje strekte til for å dekkje dei auka lønskostnadene.
d) Vi vil engasjere sommarhjelp for å arbeide med ocr-skanning av tekst og deltidstilsetje studentar for å tagge denne teksten hausten 2006.	1 hovudfagsstudent vart engasjert i 100 % stilling i 1,5 md frå 7. juni for å ocr-skanne tekst. Ein annan student har vore engasjert i 50 % stilling frå 15. august til 31. desember for å tagge denne teksten.
e) Vi vil arbeide fram eit godt brukargrensesnitt for e-utgåva hausten 2006.	Dette er ikkje gjort.
	<i>OG vart utnemnd til æresdoktor på Universitetet i Harare/Zimbabwe 2. oktober.</i>

B. Manusproduksjon

4. Band 6

Mål	Resultat
a) Til 1. desember skal vi ha ferdig band 6 for utlevering til forlaget. Etter planen skal vi kome til <i>lang-</i> i alfabetet.	Band 6 vart levert til forlaget 11. desember. Bandet omfattar heile <i>k</i> , dvs. <i>k-kåvå</i> .
b) 381 nye sider skal redigerast. 634 sider skal gjennom kvalitetssikringsprosessen. 800 sider skal korrekturlesast.	Dette er gjort.

c) Til 1. juli bør 250 nye sider vere redigerte. 300 nye sider bør vere kvalitetssikra.	Til 1. juli var redigeringsmålet nådd med romsleg margin (ca. 272 sider), medan det mangla litt på å nå kvalitetssikringsmålet (249 sider).
d) Korrekturen skal lesast i perioden 1. august–1. desember.	Hovudkorrekturen gjekk føre seg i perioden 14. november–5. desember. Ei eiga kontrollgruppe (AE, HG, DR, KS) ferdigstilte manus i perioden 6.–8. desember.

5. Band 1, 2 og 7

Mål	
a) 60 sider av band 7 bør vere redigerte innan 31.12.06.	Pr. 31. desember er 146 sider av band 7 redigerte.
b) Band 7 må vere bolkinndelt tidleg på hausten 2006.	Band 7 er bolkinndelt. Band 7 vil dekkje heile bokstaven <i>l</i> og det meste av bokstaven <i>m</i> .
c) Når band 1 og 2 er inne i databasen, skal dei trykkjast på nytt med ny fotosats. Det må lesast ein grundig korrektur på desse to banda før 1. des.	Band 1 og 2 var enno ikkje inne i databasen 31. desember. Når det gjeld band 1, var det ferdig frå NO 2014 si hand, men det står ein del arbeid igjen ved EDD. Band 1 er XML-tagga og strukturtagga i samsvar med database-formatet til b. 5 og 6. Prøveinnlegging syner at det blir 710 s. [mot 752 i den gamle utgåva]. Band 2 er på det næraste ferdig frå NO 2014 si hand, i tillegg står etterarbeidet ved EDD att.

C. Utvikling av verktøy

6. Redigeringsprogram og database

Mål	Resultat
a) Autogenereringsfunksjonen skal reviderast til 15. februar.	Autogenereringsfunksjonen for heimfesting var på plass i slutten av februar med plenumsinnføring 6. mars.
b) Feilretting i redigeringsapplikasjonen bør gjerast kontinuerleg heile året.	Applikasjonen har fått ein funksjon som identifiserer feil, og melding kan sendast direkte til database-ansvarleg. Feilretting er gjort kontinuerleg heile året.
c) Innlegging av band 1–5 (ut h) i databasen. Dette bør vere heilt på plass til 1. desember.	Jf. status på 5c. Band 3 til 5 er ikkje påbyrja.
d) Søkjesystemet bør reviderast med tanke på e-utgåve, og med tanke på nokre standard	Alle deldatabasane er i prinsippet tilgjengelege i applikasjonen, men det er

kryssjekk- og kvalitetskontrollar. Alle deldatabasane bør bli tilgjengelege for søk. Dette bør vere gjort til 15. mai.	ikkje gjort noko særskilt i høve til e-utgåva.
e) Revisjon av hakeparentesen i redigeringsapplikasjonen bør vere gjort til 15. april.	Etymologi-oppsettet er no implementert med felt for litteraturkodar etter språk- og tilvisingsfeltet og er funksjonelt.
f) Ny faksimilekomponent til databasen som kan koplast til MO, bør vere ferdig til 1. juli.	EDD har utvikla ny faksimilekomponent med fleksibel innskrivingsdel på bakgrunn av Solli- og Hatlebrekke-samlingane (jf. pkt. 11). Både Storm og IPA kan brukast som lydskrift. Berre Hatlebrekke-samlinga er registrert i dette formatet, men førebels er ikkje denne komponenten kopla på MO.
g) Eit fellesformat for ordsamlingar bør vere ferdig kopla til MO innan 1. mars.	Fellesformatet er ferdig. Jf. førre punktet.

7. Elektronisk utgåve av ordboka (e-NO)

Mål	Resultat
a) Å få på plass ei avtale med forlaget om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka. Dette bør vere på plass før 1.7.	Dette er ikkje gjort.
b) Å utarbeide eit gjennomtenkt brukargrensesnitt for nettutgåva av e-ordboka (e-NO). Skal vere ferdig til 1.12.	Dette er ikkje gjort.
c) Punkt 6c er ein føresetnad for lansering på nettet. Lanseringa skal gjerast i byrjinga av 2007.	E-utgåva er ikkje klar til lansering.

8. Redigeringshandboka

Mål	Resultat
a) Kontinuerleg utbygging og revisjon av redigeringshandboka heile året	Den elektroniske versjonen blir no justert og oppdatert etter behov.
b) Revisjon av underoppslagskapitlet til 1. mars.	Dette er ikkje gjort.
c) Dømesamlinga bør reviderast og utvidast med nokre mønsterartiklar.	Dette er ikkje gjort.
<i>Nytt punkt:</i> e) Kontinuerleg utbygging og revisjon av rettleiinga for redigeringsprogrammet	<i>Det er lagt til eit nytt kapittel som handlar om autogenereringa av heimfestingar.</i>

D. Utviding og forbedring av tilfang

9. Nynorsk tekstkorpus

Mål	Resultat
a) Få ocr-skanna tekst til forfatterskapane vi no har fått rettane til, Kristofer Uppdal, Halldis Moren Vesaas og Tarjei Vesaas.	Tekstane som vi har fått løyve til å skanne, er skaffa fram anten frå antikvariat eller som kopiar. Aschehoug-avtale på plass, som også omfattar nyutgjevingar: T. Vesaas: 15 titlar skanna, konverterte til tekstfiler og korrekturlesne. H.M. Vesaas: 1 tittel (Dikt i samling) skanna. Kristofer Uppdal: 13 titlar skanna. Olav Duun: Fått 25 titlar i elektronisk versjon.
b) Få på plass fleire avtaler med viktige nynorske tekstleverandørar.	Ingen nye store avtaler i tillegg til Aschehoug-avtalen er på plass, men vi har fått nye mindre avtaler med Arne Berg og Åse Kongsvik/Kari Støfringsdal.
c) Om revidert budsjett tillèt det, tagge og leggje til 500 000 ord i korpuset hausten 2006.	Det er tagga 1 527 325 ord i 2006.

10. Metaordboka

Mål	Resultat
a) Engasjere ein assistent til å arbeide med Metaordboka i til saman 5 månader. Målet må vere å vere ferdig med normering til og med <i>e</i> til 31.12.06.	Etter den mellombels skipnaden i NO har RBØ fått ansvaret for Metaordboka som den faglege delen av arbeidet sitt. Her held ho på med alfabetbolken som byrjar med <i>en-</i> . Ein assistent er engasjert i fem månader for å normere nykopla ordsamlingar i Metaordboka. Ho har førebels arbeidd med fem ordsamlingar.
b) Kople ordbokshotellet på Metaordboka. Frist 1. mars.	”Hotellet” er kopla til redigeringsapplikasjonen. Som ei prøveordning blir berre ei og ei unormert ordsamling lagd inn i Metaordboka. 10 samlingar er oppkopla: EidsvollLjødal, RollagTråen, SkienRoks, NeTelRoks, Hemsedalsm, FlaaRei, TrysilFlod, RødøySkauge, LavangenEll og AlstahaugG.Ols.
c) Hekte ny versjon av g-manus på	Her vart det vurdert som uheldig å måtte

Metaordboka til 1.7.2006.	kople opp fleire versjonar av g-manus undervegs i ajourføringa. Oppkoplinga ventar difor på at utfyllinga blir ferdig (seinast innan 1. juni 2007). Jf. punkt 11a.
d) Kople Ross' ordbok til Metaordboka innan 31.12.	Utsett.
e) Om det blir tid, kople Aasens og Torps ordbøker til Metaordboka før 31.12.	Utsett.

11. Blyanttilskrifter

Mål	Resultat
a) Vi bør ha ført inn alle blyanttilskriftene i g-manus til og med <i>p</i> i 2006.	Innskrivinga er nesten ferdig med <i>t</i> . (Bokstaven <i>t</i> vart ferdigstilt 11. januar 2007.) Jf. punkt 10c.

12. Nytt tilfang

Mål	Resultat
a) Normere to nye ordsamlingar	Vi har slutta med å normere ordsamlingar før dei blir kopla til MO via ordbokshotellet. Ein assistent normerer i staden opp ordsamlingar frå ordbokshotellet direkte i MO. Ho har så langt normert fem ordsamlingar i MO for alfabetbolkane <i>k</i> -å.
b) Vi tek sikte på å registrere 15 000 nye setlar.	Jf. 6f, som gjev grunnlag for forenkla og fleksibel innskriving. Modahl-samlinga på 4000 setlar er biletskanna. 18 080 setlar er nyregistrerte.
c) Hatlebrekke-tilfanget bør bli tilgjengeleg via setelarkivet	Jf 6f. Tilfanget er normert og digitalisert med oppslagsord og ordklasse. Oppkopling til MO er enno ikkje gjort.
Nytt punkt: i) Digitalisering av Norsk dialektatlas	<i>ILN løyvde 43 000 kr for å setje i gang arbeidet med å digitalisere Norsk dialektatlas i Målførearkivet. NO2014 administrerte dette arbeidet. Inventering og ordning av kart og følgjetekstar er gjort av HT. Digitaliseringa vart ferdig til 31. desember. EDD vil lage ein applikasjon for lagring og vising på nyåret i 2007.</i>

E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

13. Formidling og informasjon

Mål	Resultat
a) Prosjektet bør vere representert med føredrag på den europeiske leksikografikonferansen i Torino i september.	NO var representert på Euralex-konferansen i Torino 6.–9. september med poster-presentasjon.
b) Prosjektet bør vere representert med føredrag på den nordiske dialektologkonferansen i Århus i august.	Vi var representerte med tre innlegg med NO-emne (LSV, TEJ + GAa og EH + LJT).
c) Vi bør lage informasjonsmateriell til utdeling om prosjektet og om ordinnsamling	Ny innsamlingsbrosjyre er prenta i 2000 eks.
d) Vi bør få Samlaget til å lage ny brosjyre om Norsk Ordbok før 1. desember 2006.	Vi har avtalt med Samlaget at ny brosjyre skal lagast i samanheng med lanseringa av bd. 6.
e) Vi vil halde fram med å lage oppslag til Dagens ord ved Nynorsk kultursentrum.	Dagens ord har fått ein sentral plass på den nye heimesida til Ivar Aasen-tunet. Olaf Almenningen er redaktør og sender for tida eige tilfang frå spalta han hadde i Gula Tidend.
f) Spørsmålet om korleis ei ny brukarrettleiing kan realiserast med minst mogleg ressursbruk, må vere avklart før 1.7. Arbeidet med ei slik revidering av brukarrettleiinga må vere gjort før 1. desember.	Vi har ikkje revidert brukarrettleiinga, berre inkludert ei oppdatert kjeldeliste i band 6.
g) For Noregs Mållag skal vi lage eit kursopplegg for den vidaregåande skolen og tilby dette kurset til vidaregåande skolar i distriktet.	DR og KEK har laga eit PowerPoint-opplegg om NO på om lag 45 min. Det vart testa til jonsok. Opplegget er førebels ikkje brukt i den vidaregåande skolen.
h) For Apollon eller Syn og Segn bør det skrivast ein presentasjon av dei digitalt tilgjengelege ressursane ved NO 2014 og av arbeidet i redaksjonen. Dette bør gjerast så seint som mogleg i 2006 for å hekte det på lanseringa av band 6. Kontakten med redaksjonane bør takast tidlegare.	Vi har etablert kontakt med Apollon-redaksjonen som skal munne ut i eit oppslag til lanseringa den 6. mars.
i) Lanseringa av band 6 (i 2007) bør førebuast i november og desember 2006. Det bør arbeidast for få fram gode presseoppslag, t.d. i A-magasinet.	Vi har byrja planlegginga av lanseringsarrangementet, som er lagt til 6. mars.
j) Generelt bør vi seie ja til å vere representerte i fora som vi trur kan gagne prosjektet – om då dette elles ikkje går på tvers av framdriftsmåla.	DR heldt eit føredrag om dei elektroniske ressursane i NO og bruken av dei på fagleg-pedagogisk dag på UiO 3. januar. LSV representerte NO på NFL-symposium om historiske ordbøker i København, 8. januar.

	<p>EE representerte NO på Kystkulturseminaret i Honningsvåg 8.–11. mai. Pressemelding. NO-quiz om finnmarksord. Mediedekning.</p> <p>HG representerte NO på The first Nordic conference on syntactic freezes 19.–20. mai. i Joensuu, Finland.</p> <p>OG, LSV og DW representerte NO på den internasjonale konferansen <i>Målstrid og mangfald</i> i Bergen, 11.–12.11., skipa til av NM.</p> <p>AA deltok 8. desember på eit møte i Standard Norge. Her vart det diskutert korleis ein nasjonal referansekomité for europeiske og internasjonale standardiseringsaktivitetar med utgangspunkt i terminologi og språkressursar (SN/K 144) kan bli aktiv att.</p> <p>NO har elles møtt i</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nynorsk forum - Forskarnettverk for nynorsk skriftkultur <p>NO er dessutan representert i</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forskargruppe for leksikografi (KB, OG, LSV, DW) ved ILN
--	--

14. Kompetanseheving

Mål	Resultat
a) Rettleiinga i dei nye redaksjonsgruppene bør halde fram.	Medlemmene i den nye gruppa er komne opp på normalt kvalitets- og produksjonsnivå i tett samarbeid med gruppeleiaren.
b) Vi vil arrangere to fagseminar i 2006, eitt i juni og eitt i desember.	Juniseminar vart arrangert 14. og 15. juni med faglege innslag (botanisk systematikk og terminologi; heimfestingane hos Aasen og Ross). Juleseminaret vart arrangert 13. desember.
c) I samband med fagseminara vil vi invitere éin eller to gjesteførelesarar til kvart seminar.	Prof. Leif Ryvarden førelas om botanisk systematikk og terminologi med vekt på norske nemningar. Olav Vesaas heldt føredrag 13. desember.
d) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør vi vere representerte på dette kurset.	AA deltok på Lexicom-kurset i Opatija i Kroatia 5.–9. juni.
e) Vi bør sende nokre tilsette på kurs i Excel i 2006.	Dei påmelde måtte trekkje seg pga. sjukdom.
<p><i>Nytt punkt:</i></p> <p>f) Vi sender nokon til <i>The Tuscan Word</i></p>	OG deltok på dette kurset.

<i>Centre: Special and varied corpora, 27.–31.10. i Italia.</i>	
<i>Nytt punkt: g) Vi sender nokon på kurs i Photoshop i 2006.</i>	<i>RBØ deltok på dette kurset.</i>

Vedlegg 2. Publikasjoner og foredrag i 2006

Individuell publisering

Almenningen, Olaf. Innføring i nynorsk for høgare utdanning. Oslo: Det Norske Samlaget 2006. ISBN 82-521-6785-3. 224 s.

Bakken, Kristin. Relevans, legitimitet og resultatkrav – eit komparativt blikk på utfordringane for dei store nasjonale ordboksverka i Norden i dag. I: *Nordiske Studier i Leksikografi* 8. København: Nordisk Forening for Leksikografi 2006. ISBN 87-7533-007-5. s. 11–24

Bakken, Kristin; Runde, Ålov; Ødegaard, Rebecca Boxler. The Dictionary and its Sources: the Ideal of Integration and the Example Norsk Ordbok [Poster]. XII Euralex Congress; 06.09.–09.2006

Bakken, Kristin. The Dictionary and its Sources: the ideal of Integration and the Example Norsk Ordbok. I: *Proceedings XII Euralex International Congress/Congresso Internazionale di Lessicografia Atti*. Alessandria: European Association for Lexicography 2006. ISBN 88-7694-918-6. s. 117–122

Borthen, Kaja. Polysemi i teori og praksis; Pustejovsky sitt generative leksikon sett under lupa av Norsk Ordbok [Vitskapleg foredrag]. Norsk Ordboks Juleseminar; 13.12.2006

Ellingsve, Eli Johanne. Barøya fyr. I: *Båt i Nord* 2006 (5)

Ellingsve, Eli Johanne. Hallfrid Christiansen – eit 120-årsminne. I: *Motskrift* 2006 (1)

Ellingsve, Eli Johanne. Kaura fyr. I: *Båt i Nord* 2006 (5)

Ellingsve, Eli Johanne. Kua og Kalven og andre stedsnavn i Budalen. I: *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2006 (1)

Ellingsve, Eli Johanne. Navneloven gjelder også i Trøndelag. I: *Adresseavisen* 2006

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. I: *Nordnorsk Magasin* 2006 (1)

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. I: *Nordnorsk Magasin* 2006 (2)

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. I: *Nordnorsk Magasin* 2006 (1)

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. I: *Nordnorsk Magasin* 2006 (2)

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. I: *Nordnorsk Magasin* 2006 (4)

Engø, Anne Torunn; Hovdenak, Marit; Worren, Dagfinn. Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok. 4. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget 2006. ISBN 82-521-6898-1. 1478 s.

- Grønvik, Oddrun.** Verknader av digitalisering på materialvurdering, redaksjonell metode og opplæring. I: *Nordiske Studier i Leksikografi 8*. København: Nordisk Forening for Leksikografi 2006. ISBN 87-7533-007-5. s. 129–142
- Grønvik, Oddrun; Tvedt, Lars Jørgen.** Norsk Ordbok 2014 – presentasjon av eit komplekst leksikografisk verktøy. I: *Nordiske Studier i Leksikografi 8*. København: Nordisk Forening for Leksikografi 2006. ISBN 87-7533-007-5. s. 143–150
- Harildstad, Gudmund; Lien, Mari.** Vågå – sagt og skrivi gjennom ti'in [13]. Vågåmo: Mållaget Ivar Kleiven 2006. ISBN 978-82-993347-6-1. 56 s.
- Jenstad, Tor Erik; Aamodt, Gunhild.** Kjelder til lånord i norske dialektar [Vitskapleg føredrag]. 8. Nordiske Dialektologkonferanse; 15.–18.08.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Banning. NRK P2, Norgesglaset [Radio] 08.02.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Banning og språkutvikling. Vårt Land [Avis] 07.03.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Dialektenes talsmann. Arbeidets Rett [Avis] 24.11.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Gongflesk og gnagsår [Populærvitskapleg føredrag]. Kulturkveld 2006
- Jenstad, Tor Erik.** Humor og dialekt [Populærvitskapleg føredrag]. Bygdakveld 2006
- Jenstad, Tor Erik.** Krussusliinn. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2006:26–27
- Jenstad, Tor Erik.** Kåseri om dialekt [Populærvitskapleg føredrag]. Dialektkveld 2006
- Jenstad, Tor Erik.** Nemningsbruk i folkemusikk. I: *Folkemusikk og folkemusikkutøvarar i Noreg*. Oslo: Notabene 2006. ISBN 82-90723-19-9. s. 11–22
- Jenstad, Tor Erik.** Nemningsbruk i samband med jul og nyttår 1. Språkteigen, NRK P2 [Radio] 24.12.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Nemningsbruk i samband med jul og nyttår 2. Språkteigen, NRK P2 [Radio] 31.12.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Nordmørsdialekt i endring [Populærvitskapleg føredrag]. Kulturveke 2006
- Jenstad, Tor Erik.** Norsk Ordbok – ei skattekiste med ord [Populærvitskapleg føredrag]. Foredragsserie Byen, bygdene og kunnskapen 2006
- Jenstad, Tor Erik.** ODS-Supplement er fullført. *LexicoNordica* 2006;13:237–241
- Jenstad, Tor Erik.** Ordet førkje. Tidens Krav [Avis] 07.03.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Saftig trøndersk språk [Populærvitskapleg føredrag]. Foredragsserie 2006
- Jenstad, Tor Erik.** Saftige uttrykk frå Trøndelag [Populærvitskapleg føredrag]. Årsmøte 2006
- Jenstad, Tor Erik.** Skal småhumre helt til Å. Adresseavisen [Avis] 05.10.2006

- Jenstad, Tor Erik.** Småplukk frå trønderdialektane [Populærvitskapleg føredrag].
Førjulsmøte 2006
- Jenstad, Tor Erik.** Tendensar i banning. Studentradioen, Bergen [Radio] 01.03.2006
- Jenstad, Tor Erik.** Trøndermål og ordtilfang [Populærvitskapleg føredrag]. Medlemsmøte
2006
- Karlsen, Knut E.** Geografiske hol i ei nasjonal ordbok – om geografisk representasjon av
kjeldene i Norsk Ordbok. I: *Nordiske Studier i Leksikografi* 8. København: Nordisk Forening
for Leksikografi 2006. ISBN 87-7533-007-5. s. 185–198
- Runde, Ålov; Kristoffersen, Kristian Emil.** Preposisjonen til mellom lingvistisk teori og
leksikografisk praksis. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2006;24(1):3–26
- Runde; Bakken; Ødegaard; sjå Bakken; Runde, Ålov; Ødegaard**
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Dei diakrone aspekta ved Norsk Riksmålsordbok og Norsk Ordbok.
LexicoNordica 2006(13):7–23
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Festskrift til Tove Bull. *Språklig samling* 2006;47(3):3–6
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Filleonkel og filletante – kommentar til kommentarar. *Språknytt*
2006;34(4):27–27
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Føring av formvariasjon i ei nasjonal dialektordbok: gråsona
mellom predikerbar og ikkje-predikerbar variasjon [Vitskapleg føredrag]. Den 8. nordiske
dialektologkonferansen; 15.–18.08.2006
- Vikør, Lars Sigurdsson; Kristiansen, Tore.** Innleiing. I: *Nordiske språkhaldningar. Ei
meningsmåling*. Oslo: Novus Forlag 2006. ISBN 82-7099-439-1. s. 7–16
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Malaysia and Insular Southeast Asia/Malaysia und insulares
Südostasien. I: *Sociolinguistics – Soziolinguistik*. Berlin: Mouton de Gruyter 2006. ISBN 3-
11-018418-4. s. 2014–2021
- Vikør, Lars Sigurdsson; Kristiansen, Tore.** Nordiske språkhaldningar – jamføring og
konklusjonar. I: *Nordiske språkhaldningar. Ei meningsmåling*. Oslo: Novus Forlag 2006.
ISBN 82-7099-439-1. s. 199–214
- Vikør, Lars Sigurdsson; Kristiansen, Tore.** Nordiske språkhaldningar. Ei meningsmåling.
Oslo: Novus Forlag 2006. ISBN 82-7099-439-1. 248 s. Moderne importord i språka i Norden;
4
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Noreg. I: *Nordiske språkhaldningar. Ei meningsmåling*. Oslo:
Novus Forlag 2006. ISBN 82-7099-439-1. s. 61–84
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Norsk Ordbok: Kjelder og ordtilfang frå Østfold. I: *Aust i Vika
2006: Østfold Mållag* 2006. ISBN 82-993615-5-9. s. 20–36

- Vikør, Lars Sigurdsson.** Nynorsk under dobbelpress. *Norsk Tidend* 2006(2):22–23
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Perspektiv på språkutviklinga i Noreg: internasjonalt, nasjonalt og regionalt. I: *Monokultur og multikultur. Nasjonsbyggende diskurser 1905–2005*. Vallset: Oplandske Bokforlag 2006. ISBN 82-7518-140-2. s. 73–92
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Scandinavia/Skandinavien. I: *Sociolinguistics – Soziolinguistik*. Berlin: Mouton de Gruyter 2006. ISBN 3-11-018418-4. s. 1747–1754
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Skandinaviske lærebøker i leksikografi og leksikologi – tverrnasjonalt oversyn og vurdering. I: *Nordiske Studier i Leksikografi 8*. København: Nordisk Forening for Leksikografi 2006. ISBN 87-7533-007-5. s. 383–390
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Talordreform i Tyskland? *Språklig samling* 2006;47 (4):5–6
- Wiggen, Gunnhild.** Fridtjof Nansen. Taler og artikler fra 1905. Oslo: Novus Forlag 2006. ISBN 978-82-7099-433-5. 366 s.
- Worren; Hovdenak; Engø, sjå Engø; Hovdenak; Worren**
- Worren, Dagfinn.** Ivar Aasen-almanakken 2007. Oslo: Dag og Tid 2006. ISBN 9788281150058. 142 s.
- Worren, Dagfinn.** Molbech som mønster for Aasen. I: *Nordiske Studier i Leksikografi 8*. København: Nordisk Forening for Leksikografi 2006. ISBN 87-7533-007-5. s. 391–406
- Ødegaard; Bakken; Runde, sjå Bakken; Runde; Ødegaard**
- Aa, Leiv Inge.** "Med" som innleiande funksjonsord til småsetningar med og utan relativisering. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2006;2:193–228
- Aa, Leiv Inge.** "Med" med verblause setningskomplement - syntaktiske eigenskapar med "med" som (kanskje (ikkje)) kan, eller ev. bør, visast igjen i ein ordboksartikkel [Vitskapleg føredrag]. Fagleg seminar ved Norsk Ordbok 2014 2006
- Aamodt, Gunhild.** Utfordringar for ei moderne indoeuropeisk etymologisk ordbok: IEED-prosjektet i Leiden. *Motskrift* 2006(1):71-76
- Aamodt; Jenstad, sjå Jenstad; Aamodt**

Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

Nokre av presseoppslaga i 2006:

Om framdrift og sjølve prosjektet NO2014:

- *Den store ordkrigen* i *Dagsavisen*, 22.4.2006
- *Jakter på ekte finnmarksord* i *Finnmark Dagblad*, 10.5.2006
- *Glemte ord* i *Nordlys*, 16.5.2006
- *Jakter på ordene* i *Nationen*, 30.6.2006
- *Flere hundre Loppa-ord* i *Finnmark Dagblad* 22.9.2006
- *Ett kleint bidrag* i *Gudbrandsdølen Dagningen* (gd), 29.9.2006

Anna:

- *Vestnytt inn i ordboka* i *Vestnytt*, 14.2.2006
- *Svensk-norsk ordveksling* i *Uniforum*, 16.2.2006
- *Skal småhumre helt til Å* i *Adresseavisen*, 5.10.2006
- *Dialektenes talsmann* i *Arbeidets rett. Avis for fjellregionen*, 24.11.2006
- *50 000 Rødøy-ord til ordbok-storverk* i *Helgelands Blad*, 15.–16.12.2006

Annan fagleg aktivitet:

Almenningen, Olaf:

Redaktør for Dagens ord (sjå også pkt. 13e). Desse vart sende i 2006: *anda* (v), *baka* (v), *avlaus* (adj), *gusta* (v), *flengja* (v), *beina* (v), *beita* (v), *gnella* (v), *vette* (n), *asa* (v), *banna* (v), *bivra* (v), *gangar* (m), *gauva* (v), *garp* (m), *gaupna* (v), *gap* (m, n), *gausa* (v), *gaman* (n), *fåfengd* (f), *fåvis* (adj), *geivla* (v), *galdra* (v), *gaum* (m), *avdag* (m), *ala* (v), *baska* (v).

Grønvik, Oddrun:

Liten rapport om TWC workshop on specialised and varied corpora (27.-31.10.2006) i
Forskargruppa i leksikografi, 16.11.06

Jenstad, Tor Erik:

Norsktime om dialektar, Brundalen v.g. skole, 03.01.2006

Dommar i konkurranse om å imitere trønder. Studentradioen, Trondheim, 16.02.2006

Dialekttkveld Orkdal, 03.05.2006

Sensur Høgskulen i Volda mai/juni 2006.

Skjellsord og nesten banneord. Deltakar i samtale med Halvor Folgerø, Olaug Nilssen og Gunhild Øyehaug under Nynorskfestspela. Aasen-tunet, 24.06.2006

Dialekttkveld Todalen Historielag, Todalen, 07.10.2006

Dialektmagasin haustmøte i Norges Blindeforbund Nord-Trøndelag, Snåsa, 21.10.2006

Dialekttkveld Lånke, 02.11.2006

Tilrettelegging av ordsamling frå Hitra til nettsidene for Kystmuseet i Sør-Trøndelag.

Dialektmagasinet, innringingsprogram på NRK Trøndelag. Kvar onsdag gjennom heile året.

Språkspalte i Aura Avis, Sunndalsøra. Kvar laurdag gjennom heile året.

Vikør, Lars S.:

Medlem i ILNs komité om organisering av samlingane

Medlem av redaksjonsrådet for Sociolinguistica

Vikør, Lars S.; Jørgensen, Jon Gunnar. Maal og Minne. Hefte 1. 2006. Oslo: Bymåslaget 2006. ISBN 82-521-6903-1. 96 s.

Worren, Dagfinn:

Styremedlem i Nordisk foreining for leksikografi

Svarar på nynorskspørsmål som kjem til Ordvakta

Intervjua av Radio Volda om nokre ordpar, 01.02.

Deltaking på konferansar og kurs 2006:

Kurs i Photoshop, 13.–14.03.: 1 deltakar

Kystkulturseminar, Honningsvåg, 08.–11.05.: 1 deltakar

Collocations and idioms 1: The first nordic conference on syntactic freezes, Joensuu, Finland, 19.–20.5.: 1 deltakar

Lexicom 2006, Opatija, Kroatia, 05.–09.08.: 1 deltakar

8. Nordiske dialektologkonferanse, Århus, Danmark, 15.–18.08.: 16 deltakarar (3 føredrag)

Euralex 2006, Torino, Italia, 06.–09.09.: 5 deltakarar (posterpresentasjon)

TWC-course, nær Siena, Italia, 27.–31.10.: 1 deltakar

Gjester hos NO2014 i 2006:

Johanne Ostad, leiar for Nasjonalt senter for framandspråk, Høgskolen i Halden, 09.01.

Audun Heskestad, Dag Ellingsen og Jorunn Storehaug frå Det Norske Samlaget, 11.01.

Aagot Noss, 24.01. og 09.06.

Brigit Eaker, Anki Mattison og Bodil Roskvist frå Svenska Akademiens Ordbok, 08.02.

Arne Berg, 13.02.

Håkon Rissmann-Bredesen og Thorer Ruud Trønnes frå Stor-Elvdal, 15.03.

Dag Ellingsen frå Det Norske Samlaget, 31.08.

Henrik Lorentzen frå Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, 18.10.

Astrid Jenssen, Oddmund Møgedal og Helge Falkenberg-Arell frå USIT, 16.12.

Leif Mæhle og Einar Lundeby, 06.12.

Dagfrid, Regine og Petter Skogen, 15.12.

Anna:

OG, DW og RBØ møtte Trygve Åslund og Ivar Havnevik i Aschehoug forlag, 25.04.